

Vett du dette Olaug?

Vett du?

Jeg er gift med ein pelsdyrbonde og er stolt over det? Samen jobbar me godt i lag både i pelsdyrgården og privat. Me har 3 barn, som er heldige å fått vekse opp med besteforeldre på garden

Vett du?

At jeg og mannen min er bekymra for kvarandre? Me aner ikkje kva me har i vente.. Kva med økonomien? Kva med svigerforeldra mine som er 83 år og har fått den gleden å flytta til sentrum å klarer seg sjølv med rullator? Leilegheita eig vi. Kan vi klare å behalde den, eller må svigermor nå på sjukeheim og svigerfar flytte heim på garden igjen? Både mine og mannen sine foreldre er bekymra og urolige for oss, det same er mine 3 barn(19-25 år) som støtt spør oss om det går greitt. Kva med jobb etter dette?

Vett du Olaug?

I 1999 mista me eit barn. Her var helsevesenet på plass og fanga oss opp, og me fekk den hjelpa me trengte. Helsevesenet har heldigvis stilt opp for oss alle når me har trengt det, både når det gjelder for demens , alderdom og då min mann blei alvorleg sjuk, og eg stod der med 3 små barn. Etter at dette vedtaket kom, satte Klepp kommune i gang kriseberedskap.... Klepp-, Time- og Hå kommune gjekk saman med pelsdyrnæringa ,lokale bondelag og landbrukets Hms og fekk laga ein folder som er delt ut til pelsdyrbønder og deira pårørande med forskjellige telefonnummer til viktige instansar ved akutte behov. Dette burde dykk hatt på plass lenge før!

Vett du?

Jeg kjenner fleire som har blitt sjukemeldt etter vedtaket om nedlegging, inkludert meg sjølv. Dette tærer på den psykiske helsa til alle oss som driv med pelsdyr. Dette rammer så mykje meir enn dei 200 bøndene, heile familiar og vennekrinsar blir berørt. Me er trøtte og slitne. Me lever ikkje lengre, me eksisterar bare...Livet og alle planer er satt på vent inntil vidare, og kvar dag må me samle krefter og stable oss på beina.

Vett du Olaug?

Eg har forståing for at du gjør en jobb Regjering og Storting har bestemt, og at du fikk dette i fanget. Det forstår eg! Men Olaug, å legge fram denne skammelige erstatningssummen, det kunne du gjort på anna vis! Slik det står nå, har vi ein takst på garden, spriket mellom takst og erstatning, er i dag på 5,5, millionar kroner! Eg tipper at dei som blir sagt opp i Statoil slepp å ta med seg Statoil si gjeld, men vi må ta med vår gjeld. I tillegg blir me trekkte 7 % av erstatninga frå år 2018. Det er lite avklart i denne saken. Nå driv me i år 2019 også, dvs at me har mista allereie 14 % av

erstatninga før alle ting er avklart! Og kva med erstatning til pelseria og pelsdyrforlaga som me eig sjølv? Der har me også gjeld! Eg blir kvalm av tanken.....

Du vett- me treng alle ei Ingeborg!

I heile mitt liv i dugnad med barn, har jeg prøvd å vera ei Ingeborg og bry meg. Dette gjelder også i mitt yrke med eldre og demente. Ingeborg har også eg møtt i mi vandring gjennom livet, både ved fødsjar, dødsfall og sjukdom, men også i gledesdagar. Mine barn er heldige som har mange Ingeborg 'er rundt seg.

Vett du Olaug?

Nå treng heile pelsdyrnæringa ei Ingeborg!!
Ei Ingeborg som står opp for den uretten som blir gjort ovanfor oss pelsdyroppdrettarar, dette er eit ran, dykk tar frå oss alle verdiane me har bygd opp over lang tid i generasjoner, og stoltheten vår!!
Nemleg; Livsverket vårt.

Hilsen Inger Lise Horpestad